



Ailin Kolstad Isdal

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1533 - 17/6081

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

10.05.2017

REFERAT FRÅ FAU-MØTE ONSDAG 5. APRIL 2017

Tilstades:

Knut Tore Vangen

Steinar Brevik

Kjersti Risa Marøy

Inger Morken Ellingsen

Meld forfall: Marit Haugland og Bente Hervik.

Før møtet tok til, fekk dei frammøtte ei omvisning i høve rehabiliteringa av gymsalen/garderobane.

SAK 1:

Elevundersøkinga

Rektor gjennomgjekk samla resultat frå Elevundersøkelsen. (Skulane på Radøy tek undersøkelsen i 5.6. og 7.kl. Berre obligatorisk for 7.kl, det er desse resultatata som tel i offentlege samanhengar). Resultata er gode, særst nøgd med «mobbe»resultata. Ingenting særskild som utpeikar seg. (Skulen har nyleg gjennomført ei kommunal mobbeundersøking på dei same 3 trinna, heller ingen negative funn her).

SAK 2

Foreldreundersøkinga

25 foreldre har vorte ringt til av ein anonym person. Utvalet er gjort ut frå elevane sin fødselsdag etter ein mal (t.d. elevar med fødselsdato frå den 10. til den 20. i månadane). Undersøking 2.kvart år.

25 svar av 160 heimar er ikkje mykje, men denne metoden skal vera meir «gyldig» enn om alle foreldre får passord og skal svara, då må svarprosenten vera rimeleg høg.

Resultata er heilt greie, ingen alarmerande tilbakemeldingar. Me ser at ein del av spørsmåla er vanskeleg å svara på fordi foreldra ikkje fysisk er tilstades i skulekvardagen. Me ser at skulen kanskje kan gje betre informasjon til heimane om ein del av det det vert spurd om, eit døme er spørsmål kring elevrådet.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

SAK 3

Utkast til plan for elevane sitt psykososiale skulemiljø

Rektor orienterte om ny lov for dette området er under utarbeiding, og skal verta gjeldande frå 1. august. Det vert ein del endringar i høve til i dag. Utkast til revidert plan for Manger skule for elevane sitt psykososiale skulemiljø vart utarbeidd hausten 2016, men ligg no på vent for ferdigstilling til me kjenner innhaldet i det nye som kjem. Vert å ta opp att i FAU og SMU hausten 2017.

SAK 4

SFO opning frå 07.00 komande skuleår?

Rektor informerte om at spørreskjema er sendt ut til heimane vedr om dei har trong for at SFO opnar 7.00. Fristen er ikkje ute for tilbakemelding, men førebelse resultat syner at ca 6-7 heimar har oppgjeve at dei har trong for dette. Det er politikarane som ynskjer at skulane ser på dette. Framdrifta vert no at kommunalsjefen melder attende til politisk, då ei utvida opningstid vil medføra auka lønskostander. Det vil såleis ikkje verta teke avgjerd før fram mot sommarferien.

Inger Morken Ellingsen (referent)

Med helsing

Inger Morken Ellingsen
Rektor Manger skule

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ailin Kolstad Isdal
Bente Hervik
Inger Marie Ystebø
Inger Morken Ellingsen
Irene Myrtveit Lunde
Jan Kjetil Helland
Jannicke Helland
Kennet Vestheim Johansen
Kjersti Risa Marøy
Knut Tore Vangen
Marit Haugland
Nina Tillfjord
Steinar Brevik
Torill Myrtveit
Øystein Bauge